

Saksprotokoll i Hordaland fagskulestyre - 24.03.2015

Styreleiar **Roald Stenseide** sette på vegner av styret: fram følgjande forslag til nytt punkt:

«Fagskulestyret har merka seg at Bergen tekniske fagskole har eit investeringsbehov på over 18 millionar og Bergen maritime fagskole på vel 14,5 millionar. Fagskulestyret er uroa over at det framleis vil vere eit stort investeringsbehov sjølv etter innstillinga frå fagskulestyret til opplæring- og helseutvalet. Fagskulestyret ber om at restinvestering blir følgd opp i budsjett 2016, og at skulane sjølv kan få omprioritera midlar innanfor bevilga beløp om dei finn det føremålstenleg. Dette for å sjå på investeringar over 2 år.»

Røysting

Administrasjonen sitt forslag til vedtak vart samrøystes vedteke saman med Stenseide sitt forslag.

Vedtak

1. Hordaland fagskulestyre tilrår at Opplæringsavdelinga handsamar følgjande investeringsbehov i samband med sak til Opplærings- og helseutvalet i høve fordeling av investerings- og fondsmidlar i 2015:

Skule	Ustyr	Omtale	Kostnad
Bergen tekniske fagskole	Inventar og utstyr til Haugeveien og Margaretastredet	Inventar og utstyr hovudsakleg til kantine, kontor og klasserom.	1 500 000,-
Bergen tekniske fagskole	Simulerings- og laboratorieutstyr	Ustyr som er felles for alle utdanningane.	6 326 000,-
Bergen maritime fagskole	Oppgradering av Trykk kontrollsimulator - CS	Simulatoren skal flyttast i samband med nye lokale i E-blokka og må verte oppgradert.	1 382 715,-
Bergen maritime fagskole	Høgspentsimulator	Nytt krav frå Sjøfartsdirektoratet.	1 400 000,-
Bergen maritime fagskole	Visuelle kanalar til ECDIS lab	Nytt krav frå Sjøfartsdirektoratet.	1 120 000,-
Bergen maritime fagskole	Oppgradering av Engine simulator MC 90 versjon 3 til K-sim Engine	Simulatoren skal flyttast i samband med nye lokale i E-blokka og må verte oppgradert.	3 470 000,-
Sum			15 198 715,-

2. Fagskulestyret har merka seg at Bergen tekniske fagskole har eit investeringsbehov på over 18 millionar og Bergen maritime fagskole på vel 14,5 millionar. Fagskulestyret er uroa over at det framleis vil vere eit stort investeringsbehov sjølv etter innstillinga frå fagskulestyret til opplæring- og helseutvalet. Fagskulestyret ber om at restinvestering blir følgd opp i budsjett 2016, og at skulane sjølv kan få omprioritera midlar innanfor bevilga beløp om dei finn det føremålstenleg. Dette for å sjå på investeringar over 2 år.»